



Ing Taule AS  
Kvassnesvegen 33  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1539 - 17/19553

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:  
30.06.2017

## Førebels svar - trong for tilleggsopplysningar - gbnr 83/1 Spjotøy

Kommunen stadfestar å ha motteke supplerande informasjon den 28.06.17. Basert på innsendt informasjon er det trong for tilleggsopplysningar til søknaden.

### Ansvarsrett

Som du sjølv referer til er det mogeleg å søke om personleg ansvarsrett for oppføring av eigen bustad og fritidsbustad. Kommunen ser imidlertid på oppføring av eige naust som ein naturleg del av dette og det er dette vi har lagt til grunn i dette tilfellet, at Jakob Valle søker om personleg ansvarsrett for tiltaket.

Slik kommunen forstod søknaden gjaldt tiltaket oppføring av eige naust med bruk innanfor arealføremålet «gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag». Dersom bruken gjeld næringsverksemd som fell utanfor føremålet må lanbrukskontoret kontaktast for å vurdere eventuell omdisponering av areal etter jordlova.

Er tiltaket utanfor arealføremålet må det òg og søkast om ansvarsrett frå ansvarleg føretak for oppføring av nytt naust.

Vi gjer merksam på at riving ikkje kjem inn under SAK §6-8 og det kan difor ikkje erklærast ansvarsrett som sjølvbyggjar for riving, jf. veiledning spørsmål og svar om ansvarsrett i byggesak (dibk)

Vi ber difor om at det sendast inn følgjande:

1. Erklæring om ansvarsrett for riving frå ansvarleg føretak
2. Erklæring om ansvarsrett som sjølvbyggjar dersom tiltaket er innanfor bestemmelsane i SAK §6-8, viss ikkje må det sendast inn erklæring om ansvarsrett for ansvarleg føretak.
3. Oppdatert gjennomføringsplan.

Kommunen ber om at tilleggsopplysningar vert sendt inn samla innan 30.07.17. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Til orientering:



Vedrørende blankett 5175

Det er rett som du seier og skriv i blankett 5175 at det er fleire punkt som ikkje er relevante for tiltaket. Men her er òg punkt som er svært relevante for alle tiltak som omfattar oppføring av bygningar. Det er til dømes i dette skjemaet de erklærer og tek på dykk ansvar for at tiltaket ikkje er i konflikt leidningar eller kraftlinjer. Det er i dette skjemaet de erklærer at alle krav til byggegrunn etter pbl. § 28-1 er ivareteke. Same gjeld tilkomst og evt. vatn og avløp.

#### Gebyr

Det vert ikkje gjeve reduksjon i gebyr for saker med 3 veker handsamingsfrist. Gebyrreduksjon gjeld berre saker med handsamingsfrist på 12 veker. I saker med 3 veker frist for handsaming vert løyve rekna som gitt etter at fristen er gått ut, og tiltakshavar kan på eigen risiko gå i gang med arbeidet.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Jakob Valle

Spjotøyvegen 347 5955

LINDÅS

#### **Mottakarar:**

Ing Taule AS

Kvassnesvegen 33 5914

ISDALSTØ